

## **Enkel drifts-, aktivitets- og markedsføringsplan for kulturminnestien på Vaksdal**

1. *Vaksdal idrettslag (VIL) vil ha ansvar for vedlikehald av og tilsyn med kulturminnestien etter at denne er etablert høsten/vinteren 2018.*

Store delar av kulturminnestien går i bygda og er enkle å halde oversyn med, slik at eventuell slitasje eller hærverk oppdagast raskt og kan rettast snarest. Dei delane av stien som er utenfor sentrum går i veletablerte tråkk, dette for å tilføyra disse turstiene et nytt element med informasjon om sagn og lokalkultur som er av interesse for innbyggjarar og tilreisande.

2. *Aktiviteter knytt til kulturminnestien vil vorte gjennomført i regi av skulen, VIL og Vaksdal Turlag.*

Det vart samla inn material, historier, illustrasjoner og anna av skuleborn i skuleåret 2018 for å fylle informasjonstavlane med innhald, sjå <https://vaksdalsvegar.wordpress.com/>.

Det er naturleg for skulen å friska opp hukommelsen om dette arbeidet ved turar til møllane, grannane, Tveitane og andre stader, samt ved å gå sjølve kulturminnestien på turdagar. Også VIL og Vaksdal Turlag er meget aktive med å arrangere turdager for store og små, og då vil kulturminnestien inngå i eit variert, eksisterande tilbod. Sjå også <https://www.facebook.com/Vaksdal-Idrettslag-228487310679942> og <https://www.facebook.com/Vaksdal-Turlag-130728424266433> for meir innsyn i korleis lagane tilbyr aktivitetar i bygda.

3. *Markedsføring i Vaksdal skjer via etablerte kanalar som Facebook, arrangement i skule og for eksempel 17. Mai, samt på kommunens nettsidar.*

Det har etter kvart vorte nokså rett fram å få ein oversikt over aktivitetar i bygda såframt minst ein i familien har Facebook-konto. Dette er utan tvil ein vesentleg formidlingskanal også i Vaksdal. I tillegg formidlast arrangement, nye stier slik som denne, og anna effektivt via kommunens nettsidar og Facebookside så vel som muntleg ved ulike treffpunkt i bygda.